



# Innst. S. nr. 28

(2005-2006)

## Innstilling til Stortinget frå transport- og kommunikasjonskomiteen

St.prp. nr. 26 (2005-2006) (Kap. 1062 og 4062)

### Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om løyvingar i 2005 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område

Til Stortinget

#### ENDRINGAR AV LØYVINGAR I 2005 PÅ FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET SITT OMRÅDE

##### Samandrag

##### *Kap. 1062 Kystverket*

##### POST 1 DRIFTSUTGIFTER

I løyvinga på kap. 1062 post 1 er det for 2005 lagt til grunn ei avsetjing til husleigekostnader knytt til Kystdirektoratet sine gamle kontorlokale i Rådhusgaten i Oslo for første halvår 2005. I forhandlingar med ny eigar av lokala har det lukkast å kome til semje om å få

avvikla leigekontrakten, men først frå og med november 2005. Det vert difor fremja forslag om ei auke i løyvinga på kap. 1062 post 1 på 1,7 mill. kroner.

##### POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

Posten dekkjer utgifter til aksjonar mot akutt ureining. Den ordinære løyvinga på posten vil medgå i heilskap til mindre aksjonar osv. i 2005. I tillegg er det utløyst garantiar for om lag 2 mill. kroner. På bakgrunn av dette fremjast det forslag om at løyvinga på kap. 1062 post 21 aukar med 2 mill. kroner i 2005.

##### *Kap. 4062 Kystverket*

##### POST 1 GEBYRINNEKTER

Som følge av lønskompensasjonen for 2005 er det behov for å auke løyvinga på kap. 4062 post 1 med 4,66 mill. kroner. Det vert difor fremja forslag om at løyvinga på kap. 4062 post 1 vert auka med 4,66 mill. kroner i 2005.

#### TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Eirin Faldet, Svein Gjelseth, Irene Johansen, Torstein Rudihagen, Tor-Arne Strøm og Truls Wickholm, frå Fremskrittspartiet, Bård Hoksrud, lederen Per Sandberg og Arne Sortevik, frå Høgre, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, frå Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, frå Kristeleg Folkeparti, Jan Sahl, frå Senterpartiet, Eli Sollied Øveraas, og frå Venstre, Borghild Tenden, har ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter:			
1062		Kystverket	
	1	Driftsutgifter, blir auka med .....	1 700 000
		frå kr 839 195 000 til kr 840 895 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med .....	2 000 000
		frå kr 6 510 000 til kr 8 510 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
4062	1	Kystverket Gebyrinntekter, blir auka med ..... frå kr 535 390 000 til kr 540 050 000	<u>4 660 000</u>

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 1. desember 2005

**Per Sandberg**  
leiar

**Tor-Arne Strøm**  
ordførar